

Kritikk av at søknaden og kvittering av send nabovarsel kom for tidleg inn til kommunen grunna fristen for merknader til tiltaket ikkje var gått ut, er urimleg sidan kommunen ikkje opna søknaden for handsaming før etter 2 mnd. etter innsendt søknad. Sidan det ikkje kom inn nokre merknader vart heller ikkje kommunen opplyst om det. Dersom det hadde kome merknader innan fristen, ville sjølvsgd kommunen fått melding om det og då i god tid før kommunen opnar søknaden for handsaming.

Skredfare

Merknad om skredfare er avklara og treng ikkje fleire merknader.

Merknad om tidsfristar.

Tidsfristane for handsaming er fastsett i Plan-og bygningslova .

Tiltaket vart sendt inn som eit eittrinns tiltak. Dvs. tiltaket skal stetta alle krav gitt i Plan-og bygningslova. Søkjar meinte og meiner framleis at alle relevante krav sett i Plan-og bygningslova var oppfylt i søknaden. Dersom tiltakshavar/ansvarleg søker ikkje får nokon tilbakemelding frå kommunen om at søknaden ikkje stetta kravet til eit eittrinns tiltak, er tiltakshavar/søkjar i god tru og kan etter lova gjennomføre tiltaket i samsvar med søknaden.

Grunna for sein sakshandsaming vil og krav om gebyr måtta bli redusert slik som påpeika i vårt brev frå oss 10.09.20. Sjå vedlegg.

Konklusjon:

Dersom kommunen nå gir igongsettingsløyve i samsvar med søknaden utan fleire atterhald/krav, vil tiltakshavar trekkje sin klage sendt 21.09.20. Kravet om nedsett gebyr vil vi framleis krevje. Dersom ikkje, ber ein om at klagen vert handsama i samsvar med gjeldande lov basert på innsendt klage datert 21.09.20 og med alle relevante vedlegg medrekna dette brevet.

Vedlegg:

Utsnitt av reguleringskart for Kvamsvågen friluftsområde.

Reguleringsføresegner side 1 til og med side 5.

Revidert situasjonskart datert 22.10.20

Vårt brev av 10.09.20 .

Vår klage av 21.09.20.

Frekhaug/Kvamsvågen

Tiltakshavar

Helge Haugland

Sign.

22.10.20

Ansv. søker

Jens Bjordal